



Jarle Johannessen
Grønfjellia 53
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15411 - 22/7024

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2022

Ferdigattest tilbygg einebustad - gbnr 108/505 Lindås

Administrativt vedtak: Saknr: 094/22
Tiltakshavar: Jarle Johannessen
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til einebustad på gbnr 108/505.

Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.02.2021.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.01.2022.

Skildring

Adresse:	Grønfjellia 53
Bygningstiltak:	Einbustad - tilbygg
Bygningsnummer:	19238245 -1
Bruksareal:	33,6m ²
Vatn/avløp:	Offentleg

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/15411

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Jarle Johannessen

Grønfjellia 53 5955

LINDÅS